



KVINNHERAD
K O M M U N E

Ordfører

Fylkesordfører Pål Kårbø
Pb 7900

5020 Bergen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Peder Sjo Slettebø	907 40 595	2017/297-52		19.04.2017

Ferjesambandet Kvinnherad - Stord

Gode fylkesordfører!

Eg syner til skriv frå statsråd Jan Tore Sanner i Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Kvinnherad kommune, med kopi til Stord kommune og Hordaland fylkeskommune datert 11.04.17.

Eg ber om at Hordaland fylkeskommune så snart som råd avklarar ovanfor statsråden om det er aktuelt å starta ein regional planprosess for å avgjera lokalisering av ferjeleie på Stord.

Dersom fylkeskommunen ikkje ser dette som mogleg bed eg om at ein i melding til departementet strekar under den store regionale og samfunnsmessige betydninga realisering av nytt ferjeleie vil ha, og som fylkeskommunen ved fleire høve har streka under.

Vidare bed eg om at fylkeskommunen ikkje set seg imot ei eventuell statleg planavklaring på spørsmålet dersom dette skulle verta aktuelt.

Eg takkar for samarbeidet i saka så langt og ser fram til avklaring.

Med helsing

Peder Sjo Slettebø
Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.